

Magnushallen – Eit senter for oppleving og historieformidling

15.07.2025

# Verknader av planendringa



## Innhald

1.	Overordna planar .....	3
2.	Sentrumsutvikling og landskap/estetikk .....	3
3.	Naboskap og eigedomsinngrep .....	6
4.	Kulturminne og kulturmiljø .....	6
5.	Strandsone.....	7
6.	Naturmangfold .....	7
7.	Folkehelse, born og unge sine interesser.....	7
8.	Naturressursar.....	8
9.	Samferdsel.....	8
10.	Teknisk infrastruktur .....	9
11.	Eigedomstilhøve .....	9
12.	Klimaendringar og naturhendingar .....	9
13	Avvegging av verknader .....	10



## 1. Overordna planar

Etne kommune ønskjer å vere ein attraktiv kommune som prioriterer bu-lyst, barn og unge, og folkehelse. Dette går fram av kommuneplanen sin samfunnsdel og strategidokumentet Etne 2030 – Vegen mot 2040. Noverande investeringsplan inkluderer fleire prosjekt der føremålet er å auke attraktiviteten og bu-lysta i kommunen, detaljreguleringa for Etnesjøen torg- og kaiområde inkludert.

I samband med høyring av detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde kom det inn innspel frå ei lokal arbeidsgruppe om å inkludere eit prosjekt kalla Magnushallen i planarbeidet. Magnushallen skal vere eit senter for oppleving og historieformidling av bygda si kulturhistorie. Senteret er planlagt ført opp på ein flytande konstruksjon i forlenging av Sjoarreset. Tilkomst vil vere frå kai via ei 25 m lang flytebrygge. Arbeidsgruppa skriv sjølv:

*«Etnesamfunnet treng sårt ein stad - eller et bygg, der ein kan vise fram bygda si rike kulturhistorie. Dette er nærmast fråverande i dag, noko som gjer at Etne ikkje utnyttar potensialet som ligg i kulturhistoria vår.»*

Prosjektet vert vurdert til å vere i samsvar med kommunen si målsetjing om å auke attraktiviteten og bu-lysta i kommunen.

## 2. Sentrumsutvikling og landskap/estetikk

I dette kapittelet vert det vurdert korleis det nye senteret vil påverke sentrumsutviklinga i området, og kva ringverknadar oppføring av tiltaket er forventa å gje.

### Sentrumsutvikling

Kaiområdet er historisk sentralt for Etne sentrum sin utvikling og identitet. Etter kvart som E134 overtok som hovudferdselsåre for sjøvegen, har busetnaden i sentrum flytta etter og vender seg no mot E134. Gjennom ny detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde ønskjer ein å leggje til rette for å auke aktiviteten på kaikanten, og dermed igjen rette fokus mot sjøsida.



Figur 1 Bilete som syner korleis busetnaden tydlegare var vendt mot sjøsida.



Figur 2 Bilete som syner korleis busetnaden i større grad vender seg mot E134

For å vere attraktiv, bør sentrum ha eit mangfold av funksjonar og aktivitetar som står opp om kvarandre. Eit senter for oppleving og historieformidling er med på å skape aktivitet i eit tidsrom der andre tenestetilbod og butikkar kanskje held stengt. Senteret vil også vere med å underbygge området som aktivitetspark ved at fleire tilbod retta mot publikum vert samla på ein stad. Fleire aktivitetar på eit område gjev større grunn for tilreisande til å besøkje området. Til dømes vil tilbodet

truleg vere aktuelt for cruiseturistar som ligg til land i Haugesund og som i dag vert frakta med buss gjennom Etne og vidare til Åkrafjorden, eller for gjester som overnattar på hotellet.

#### Nær- og fjernverknader

I arbeidet med detaljreguleringa har det blitt arbeida for å behalde, samt opne opp for kontakt mellom sentrumsområdet og sjøsida. Mellom anna er det i planen regulert inn gangsone mellom bygga i B/F/K2 som gir tilkomst og siktlinje til sjø.

For å sikre at det nye senteret ikkje byggjer ned siktlinja frå Sjoarreset, er det sett krav i føresegnehene om at bygget skal førast opp med fasadar i glas.



Figur 3 Illustrasjon som syner Magnushallen sett frå Sjoarreset. Fasadar i glas sikrar siktlinje frå Sjoarreset og ut i sjø.

Avstand mellom kai og bygning gjer også at bygningen ikkje tek like stor del av synsfeltet samanlikna med om bygningen skulle vore plassert nærare kai.



Figur 4 Illustrasjon som syner Magnushallen med Sæbøvika og Osnesvegen i bakgrunnen.

Kjem ein sjøvegen vil ein bli møtt av Magnushallen samstundes som ein kan skimte kongsgarden på Stødle.



Figur 5 Illustrasjon som syner Magnushallen med Etnebygd i bakgrunn.


#### Grad av utnytting, bygningsvolum og estetikk

I plankartet er tiltaket gjeve arealføremålet offentleg/privat tenesteyting, og i føresegnehene er området omtala som «senter for oppleveling». Storleiken på arealføremålet er 855 m<sup>2</sup>, og grad av utnytting er sett til 60%. Til samanlikning syner skissetteikningane mottatt frå arbeidsgruppa at senteret er planlagt oppført med BYA rundt 300 m<sup>2</sup>.

For å sikre noko fleksibilitet i prosjektet, spesielt med tanke på at prosjektet skal plasserast på sjø, er det valt å legge inn eit noko større areal for å ha marginar på kvar side av tiltaket.

Føresegner i planendringa set krav om at tiltaket skal førast opp med saltak og maks kote + 11,5.

Ornamentering kan kome i tillegg. Det vert også sett krav til god materialekvalitet. Sidan bygningen skal førast opp på sjø, er det ikkje aktuelt å kaste skugge på nabobygg.



Figur 6 Utklipp frå planendringa

### 3. Naboskap og eigedomsinngrep

Planendringa medfører ikkje inngrep på privat eigedom. Terrenginngrepa vil vere minimale då det er tale om å kople ei flytebrygge til kai. Drifta av senteret, som vil vere ei form for museumsdrift, kan heller ikkje reknast som sjenerande i eit sentrumsområde.

### 4. Kulturminne og kulturmiljø

Etne kommune har utarbeida kommunedelplan for kulturmiljø 2022-2026 og føremålet med planen er å få eit godt grunnlag for ein heilsakleg kulturminneforvaltning. I planen er det vedtatt omsynssone for kulturmiljø med tilhøyrande retningslinjer, jf. plan- og bygningslova § 11-8c. Denne omsynssona, vist med blå markering i biletet nedanfor, er regulert som omsynssone H570 i detaljreguleringa for Etnesjøen torg- og kaiområde.

Det aktuelle tiltaket legg ikkje beslag på eigedom med verneverdi og grensar heller ikkje til områda som er markert med omsynssone. Det gamle posthuset og Børretzen-huset ligg utanfor planområdet, men er dei bygningane med verneverdi som ligg nærest, om lag 85 m frå det nye senteret. Dersom ein står plassert i Sjoarreset, vil ein kunne sjå vestover mot Magnushallen og austover mot Tinghuset. Kjem ein sjøvegen, vil ein kunne sjå Magnushallen og Solstad/huset til rike Erik/Lensmannsbustaden på same tid. Avstanden mellom desse bygga vil bli om lag 120 m.



Figur 7 Blå skravur syner omsynssone for kulturmiljø henta frå henta frå kommunedelplan for kulturmiljø Etne kommune.

## 5. Strandsone

I følgje SSB sin statestikk er strandsona definert som ikkje tilgjengeleg. Det betyr at områda består av tiltak (ikkje inngrepssfrei strandsone). Kaiområdet (o\_TO3) er allmenn tilgjengeleg kai, og vil framleis ha same status etter at planen er vedtatt. Det nye senteret vil også ver eit tilbod for offentlegheita, sjølv om tilkomst til utstillinga vil vere for betalande.

## 6. Naturmangfald


Etnefjorden er nasjonal laksefjord og det er gyteplass for torsk i fjorden. Det er på grunnlag av dette sett krav til at det ikkje kan gjennomførast arbeid i sjø i gyteperioden til laks og sjøaure (oktober-desember). Det skal også gjennomførast tiltak for å hindre ureining til sjø i byggefasea for tiltaka som ligg til sjø og at finpartikulært materiale vert spreidd i vassførekoma. I samband med fyrstegongs høyring av planframlegget vart det sett krav til ytterlegare vurdering av naturmangfaldet i sjø.

I skrivande stund er det gjennomført feltarbeid i sjø innanfor planområdet, men sjølve rapporten er ikkje ferdig utarbeida. Ein må såleis lyte vente på resultatet. Opplevingssenteret skal førast opp på ein flytande konstruksjon, og det er forankringa som vil vere i kontakt med sjøbotnen. Samanlikna med storleiken på tiltaket må ein såleis kunne sei at inngrepa i sjø må reknast som minimale.

## 7. Folkehelse, born og unge sine interesser

I tillegg til at det opphavlege planframlegget legg til rette for oppføring av sjøpark/aktivitetssområde, strandpromenade og fleire utvendige møteplassar, ligg planområdet i gåavstand til barnehage, skule- og idrettsområde. I området har ein mellom anna tilgong på fleire leikeplassar, fotballbanar, skatepark, tennisbanar og kino. Slike område fremjar folkehelse og fysisk aktivitet, og kort avstand mellom dei ulike aktivitetane gjer det enkelt å kombinere fleire av tilboda.

Magnushallen er eit godt tilskot til området, og prosjektet er i tillegg identitetsskapande ved at fleire vil få kunnskap om bygda si kulturhistorie. Senteret vil også vere eit supplement i barn og unge si historieundervisning.



Figur 8 Illustrasjon som syner korleis det er tenkt å stille ut skipet «Kong Magnus».

## 8. Naturressursar

Heile planendringa gjeld oppføring av tiltak på ein flytande konstruksjon og påverkar ikkje område med dyrka mark, skogsressursar, fiskeriregistreringar eller tilsvarande. Planendringa har såleis ingen verknad for naturressursar på land eller i sjø.

## 9. Samferdsel

Besökjande ved senteret vil vere ein kombinasjon av gåande, syklande, køyrande og personar som nyttar offentleg transport. For gåande er det tilrettelagt med fortau langs E134 og Sjoarvegen, og for syklande skal det leggjast til rette med sykkelparkering innanfor planområdet. For tilreisande som kjem med buss vil det vere moglegheit for avstiging/påstiging i busslomme langs E134 og elles ved busshaldeplassen oppe ved Etne senter.

Parkering for besökjande skal løysast på offentleg opparbeida parkeringsplassar, primært o\_P1-2. Desse parkeringane skal dekkje fleire føremål, og enkelte dagar kan det nok bli trøngt om plassen. Sjølv om det kan oppfattast som det er mangel på parkeringsplassar innanfor planområdet, er det ikkje mangel på parkeringsplassar i Etne sentrum. Døme på offentleg parkering er mellom anna ved Skakke kulturhus, kunstgrasbanen, Enge barnehage, kyrkja. Det er også store parkeringsområde ved Etne senter og COOP EXTRA/Bondekompaniet. Sjølv om ein ikkje skal oppmøde publikum til å nytte private parkeringsplassar, vil det i praksis truleg skje at kundar ved desse sentera nyttar høve til å

spasere ned til Sjøparken medan dei framleis står parkert på sentera. På denne måten kan også sentera dra fordel av meirhandel som følgje av at det nye senteret vert ført opp.

Det er også forventa at nokre av besøkjande vil kome sjøvegen med fritidsbåt og leggje båten i gjestehamna.

## 10. Teknisk infrastruktur

Bygningen skal førast opp med internett, straum, vatn og kloakk. I følgje arbeidsgruppa skal teknisk infrastruktur støypast inn i flytebrygga og vatn/avlaup vere tilkopla offentleg anlegg.

## 11. Egedomstilhøve

Tiltaket skal plasserast på umatrikulert sjøareal. Tilkomst vert frå kommunal kai.

## 12. Klimaendringar og naturhendingar

Området ligg til sjø og stormflo, auka havnivå og bølgjepåverknad er forhold som kan påverke området. Nye tiltak må førast opp etter krava i TEK 17.

### 13 Avveging av verknader

<i>Plantema</i>	<i>Konsekvens</i>
Sentrumsutvikling og landskap/estetikk	Planendringa legg til rette for å samle fleire kultur- og aktivitetstilbod i same område. Det vert sett krav til at tiltaket skal førast opp med god materialkvalitet. <b>Dette må reknast som positivt.</b>
Naboskap og eigedomsinngrep	Tiltaket fører ikkje med seg terrenginngrep. Tiltaket vil gje nok meir aktivitet i området, men ikkje nok til at dette kan reknast som sjenerande på naboar. <b>Positivt.</b>
Kulturminne og kulturmiljø	Det nye tiltaket er planlagt oppført med ein viss avstand frå eigedomar som ligg innanfor omsynssone H570.  Det er <b>positivt</b> at planendringa legg opp til meir aktivitet på kaiområdet slik det også var i gamle Etnesjøen før E134 overtok som hovudferdselsåre.
Strandsone	Kai som er allmenn tilgjengeleg i dag vil framleis vere allmenn tilgjengeleg etter at tiltaket er oppført. <b>Ingen verknad.</b>
Naturmangfold	Det er gjennomført feltarbeid i sjøområda for å kartlegge naturmangfaldet i sjø, men det er per dags dato ikkje utarbeida rapport. Utfallet av verknaden vil bli påverka dersom det er blitt gjort funn av særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvalningsinteresse. Då planområdet er menneskepåverka, kan det tyde på at det truleg ikkje vil bli gjort funn av særleg verdifullt naturmangfold. Dersom dette er tilfelle: <b>Ingen verknad.</b>
Folkehelse, barn og unge	Planendringa legg til rette for at fleire kultur- og aktivitetstilbod retta mot barn og unge kan samlast på ein stad. Det nye tiltaket vil vere identitetsskapande ved at fleire får kjennskap til bygda si lokalhistorie. Dette må reknast som <b>positivt.</b>
Naturressursar	Planendringa råker ikkje ved naturressursar. <b>Ingen verknad.</b>
Samferdsel	Samla sett vil parkeringsdekninga i Etne sentrum framleis vere god. Det er etablert fortau fram til Sjoarreset. Møglehett for avstiging/påstiging for tilreisande med buss, samt møglehett for bussparkering oppe på busshaldeplassen. Gjestebrygge for tilreisande som kjem sjøvegen. <b>Positivt.</b>
Teknisk infrastruktur	Det er i dag kapasitet til det planlagde tiltaket.
Eigedomstilhøve	Tilkomst via kommunal kai. <b>Ingen verknad.</b>
Klimaendringar og naturhendingar	Ikkje markert med aktsemdområde for naturfare. Nye tiltak må følgje krava i TEK. <b>Ingen verknad.</b>
<b>Samla vurdering:</b>	Som tabellen ovanfor syner er planendringa vurdert til å vere positivt for sentrumsutviklinga ved at endringa legg opp til å samle fleire kultur- og aktivitetstilbod i nærleiken av kvarandre. Dette er også positivt for folkehelsa, barn og unge sine interesser. For dei andre plantema er det vurdert at endringa vil ha positiv eller ingen verknad.

